

SPELEREGLAR FOR TEATERFESTIVALEN PÅ STORD



Me ser fram til eit strålende teatermaraton og vonar alle vil få ei flott, inspirerende og intens helg på Stord! 😊

Stord teaterlag stiller som alltid med ein dyktig og erfaren dugnadsgjeng, og for at alt skal gli så bra som mogleg ber me om at alle les godt all informasjon og respekterer dei enkle spelereglane som er sett opp her. Hugs å levera deltakar skjema og teknisk skjema i god tid før festivalen.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

- I Stord kulturhus spelar de på ein sertifisert scene med teknisk personale som har godkjente tryggleikskurs.
- Gruppearane og dei vaksne følgjepersonane er sjølv ansvarlege for sine egne grupper og å ivareta tryggleiken til deltakarane sine. De finn telefonnummer her dersom det skulle oppstå skader, uhell e.l.
- For dei som har innkvartering på Leirvik skule så vil det vera vakthald der døgnet rundt.

SCENE OG GARDEROBE

- Grupper med barn **skal** ha minst ein vaksen ansvarleg person bak scena under framsyninga av stykket.
- Når det er eit stykke på scena, ber me om at alle blir sitjande i salen. Det vil vera nok av pausar til å lufta seg i, og det er viktig å respektera dei som opptre.
- I pausane må alle forlata salen slik at det blir ro for dei gruppene som rigger opp/ned. Bruk inngang bak i salen.
- Det er eit eige tidsskjema for garderobetider som gruppene må følgja.
- Scenesjef Morten Simonsen vil hjelpe dykk med opp- og nedrigg og spørsmål de måtte ha rundt dette. Planlegg rigginga så godt som mogleg slik at me greier å følgja programtidene (merk at pausane inkluderer riggetid).

LYD OG LYS

Terje André Raunholm (lys) og Asle Dahl (lyd) treng alt dei kan få av oversikt når det gjeld bruk av lys og myggar – dei er enkle å samarbeida med og vil prøva å hjelpe dykk med alt de treng – men pass på å melda frå om behov så nøyaktig de kan og så tidleg som mogleg. Hugs å ta med all rekvisita, kostyme og sminke de treng.

OVERNATTING

- Innkvartering er på Leirvik skule like ved spelestaden. Innsjekk frå kl. 17 fredag og utsjekk innan kl. 13 søndag. De får utdelt rom i høve størrelse på gruppa, kontakt festivalkoordinator om det ikkje er tilstrekkeleg med plass.
- **VIKTIG:** Pultane må flyttast ut og setjast tilbake att til same stad. Ta bilde av klasseromma med det same de kjem, så hugsar de korleis oppsettet var. Ligg det teknisk utstyr eller anna av verdi i klasseromma, lever dette til vaktene.
- Deltakarane kan vera i fellesareala på skulen til seinast kl. 23:30.

PARKERING

- På grunn av liten plass ved Stord kulturhus er det kun mogleg å parkera ved sceneinngangen når ein tek inn og ut kulissar. Parkering utanom dette må gjerast på Leirvik skule eller parkeringshuset i Amfi-senteret.

SPELEREGLAR FOR TEATERFESTIVALEN PÅ STORD

MAT

- Fredag: kvelds. Laurdag: frukost, lunsj og middag. Sondag: frukost og lett lunsj (baguett e.l.). Måltid blir satt opp i eigen programoversikt. Hugs å melda inn behov om tilrettelegging av måltid i god tid.

BILDER

- Det vil vera ein eigen fotograf som tek bilder under festivalen, og desse vil bli publiserte på Facebook og kan bli nytta i samanheng med promotering av Teaterfestivalen. Om nokon deltakarar ønskjer å reservera seg mot at bilder blir publiserte (gjeld ikkje bilder frå framsyningane) så opplys om dette til fotograf eller festivalkoordinator.
- Ta gjerne bilder sjølv og post til facebookside vår (facebook.com/teaterfestivalen) og oppmod gruppa til å gå inn og lika den så blir det enklare å halda kontakten! 😊

BETALING FOR FESTIVALEN

Faktura blir sendt ut i etterkant av festivalen og er basert på detaljpåmeldinga dykkar, pass på at alt her stemmer.

TILBAKEMELDINGAR

Det vil bli sendt ut eit evalueringsskjema i etterkant av festivalen, me håpar de kan svara på dette slik at me kan jobba med å gjera festivalen enno betre! Har de elles tilbakemeldingar eller spørsmål under festivalen, så ta kontakt med festivalkoordinator eller sekretariatet i resepsjonen på Kulturhuset.

Festivalkoordinator	Trond Onarheim	911 01 239	trond.onarheim@stord.kommune.no
Stord teaterlag, tekn.arr.	Ingvild Johannesen	911 70 016	
Stord teaterlag, måltider/ sosialnemd	Britt Tone Idsøe	975 52 203	britt.tone.idsoe@stord.kommune.no
Stord teaterlag, sekretariat	Liv Skjønberg	975 52 180	
Scenesjef	Morten Simonsen	404 63 409	berimo2@online.no
Lys	Terje A. Raunholm	948 26 393	terje.andre.raunholm@stord.kommune.no
Lyd	Asle Dahl	901 43 150	asle@vls.no
Fotograf	Kari M. Svanberg	922 34 101	
Stord kulturhus	Resepsjon/ billettsal	534 96 950	
Stord kulturhus	Kulturhusvert	534 96 956	
Vakthald (kontaktperson)	Ola Dahl Andersen	917 29 489	
Vakthald (kontaktperson)	Kjartan Grov	934 49 864	

[facebook.com/teaterfestivalen](https://www.facebook.com/teaterfestivalen)

www.stord.kommune.no/teaterfestivalen



Legevakt Stord sjukehus
Tysevegen 62, 5416 Stord
Telefon: 116117

Stord lensmannskontor:
Telefon: 02800

Adresse Stord kulturhus:
Hamnegata 1, 5411 Stord

Adresse Leirvik skule:
Vikabrekko 51, 5411 Stord